



Det er vakre kulisser med kyrkja og fjella som møter oss når vi kjem inn mot båthamna.

Ein god del av dei mange tilreisande som har gjesta Uskedalen denne helga, har kome sjøvegen. Dermed har det vore svært godt besøk og god stemning i båthamna. Gjestene har brukt hamna som utgangspunkt for fjellturar, turar i nærmiljøet, for aktivitetstilboda i nærleiken eller rett og slett for å nyta livet ved sjøen.

Anja Strûter i styret i Uskedal båtlag fortel at det har vore mellom 25 og 30 gjestebåtar. Dei fleste har vore her før, og dei kjem heilt sikkert tilbake etter slik ei strålande helg. Mellom gjestene var også ein gjeng på 7 båtar frå Sotra. Dei uttala seg svært rosande om den vakre naturen. Dei har rikeleg med sjø på Sotra, men dei vakre kulissene finn dei her, vart det sagt.

Vi registrerte at aktivitetstilboda i nærområdet var flittig brukt. I aktivitetsparken ved skulen var det som vanleg mange. I leikeapparata ved Gamleskulen kosa mange barn seg, og det nye tilbodet på Sandakaien med sjakk og pentanque vart brukt.

Når vi er inne på aktivietar, nemner vi også at uskedalen.no har fått spørsmål utanfrå om Damevennene skal ha aktivitetsdag i hamna i år. Aktivitetsdag skal det vera. Den vert arrangert 10.juni.

I pinnehelga er det venta stort båtbesøk i hamna. Då kjem m.a. to seilforreningar; - Bergen seilforrening og Fjell seilforrening. Dersom veret vert slik vermeldingane fortel no, vert det nok ei strålande helg.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anja Strûter